

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

### «Spørsmål 1:

Folkehelsearbeid rettar seg, i hovudsak, inn mot innbyggjarane sine levekår og livskvalitet. Folkehelsearbeid grensar også opp mot det vi tradisjonelt tenkjer på som somatisk og psykisk helse, men i eit overordna perspektiv.

På denne bakgrunnen vil trussel for å vere utsett for miljøgifter (i dette tilfellet kvikksølv i fisk og skaldyr) falla inn under folkehelseområdet. Trusselen skapar uvisse, og kanskje redsle, når det gjeld å nytte fisk/skaldyr fiska i området som mat. Oppslag i media, og at gravide og ammande i området er rådde i frå å ete visse fiskeslag, kan dermed svekke livskvaliteten.

Det er heva over tvil at kvikksølvureining er til fare for miljøet.

### Spørsmål 2:

Fylkestinget i Hordaland og Vestland har kravd kvikksølvet fjerna, og me er ikkje nøgde før så skjer.»

**Kurt Johnny Hæggernæs (Pp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Vestland mener at ubåtvraket utenfor Fedje er en trussel mot folkehelsen og miljøet. Fylkestinget i Vestland krever derfor at Regjering og Storting snarest gjør vedtak om at det tyske ubåtvraket U-864 fra 2. verdenskrig som ligger på havbunnen utenfor Fedje, blir hevet og fjernet snarest.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Forslaget vart handsama som PS 86/20 «Ubåtvraket ved Fedje».